

Nr. 2-2004

esperanto-Nytt

Informasjon fra Norsk Esperanto-Forbund

På eventyr i Russland s. 4-5



Språkfattige briter s. 2

Finnes det dataprogram på esperanto? s. 7

Sei det på esperanto s. 8

Svenske i kvinnedominert styre

BEIJING: Også en håndfull nordmenn hadde funnet veien til Beijing, men de fleste av de 2000 deltakerne kom naturlig nok fra asiatiske land. I månedsskiftet juli–august ble verdenskonferansen til det internasjonale esperantoforbundet UEA avholdt i den kinesiske hovedstaden.

I tillegg til teater og konserter, foredrag, organisasjonsarbeid og andre sosiale og kulturelle aktiviteter ble det avholdt styrevalg. Denne gangen ble det kvinneflertall i styret. Fire av de sju styremedlemmene er kvinner, bl.a. Ulla Luin fra Sverige. Lederen er fremdeles en mann, italieneren Renato Corsetti, som ble gjenvalgt for tre nye år.



Ulla Luin fra Sverige er ny generalsekretær i UEA. Foto: privat.

Esperanto-rock

Omsider har eit esperanto-rockeband spelt på ein stor musikkfestival i Finland. Staden var Karjaa rett utanfor Helsingfors, og høvet var festivalen Faces, 31. juli.

Finske Dolchamar debuterte i år 2000 og er nå snart klar med plate nummer to. Faces er den største finske «etniske» musikkfestivalen, med meir enn 8500 gjester i fjor. Bandet spelte òg på festivalen Melu ('Bråk') ei veke tidlegare.

Dolchamar si heimeside finn du her: <http://www.nettie.fi/dolchamar>

bh

Hemmelig språk



Denne mannen forbød esperanto, men det hindret det ikke i å bli brukt som hemmelig språk. Portrett: Heinrich Knirr.

Foreldrene til Østerrikes nyvalgte president, Heinz Fischer, brukte esperanto som hemmelig språk under Hitler-regimet. Dette forteller den østerrikske avisen *Kurier*.

Kurier nevner noen av de livserfaringene som først gjorde Fischer antitotalitært innstilt, og som til slutt fikk ham til å bli politiker. Slutten på andre verdenskrig var en av disse begivenhetene.

Østerrike ble som kjent annektert av Hitler-Tyskland i 1938. Under nazistregimet kunne det være risikabelt å la barna høre hva de voksne snakket om. Fischer opplevde derfor stadig at når visse emner dukket opp, snakket foreldrene sammen på esperanto, slik at han og søsteren ikke skulle forstå hva de snakket om.

Esperanto ble forøvrig fort forbudt under Hitler-regimet.

Språkfattige briter

Ni av ti britiske jobbsøkere mangler grunnleggende kunnskaper om et annet språk enn engelsk, tross i at de vil arbeide utenlands. Dette kommer fram i en undersøkelse som det britiske jobbyrået Office Angels har utført.

1500 personer var med på undersøkelsen, som ble presentert i slutten av juli. Bare 49 % klarte å framsi en enkel hilsen på fransk, som tradisjonelt har vært det viktigste fremmedspråket i Storbritannia. En av fem trodde at «quelle heure est-il?» (hva er klokka?) betydde «hvilken dag er det i dag?». Bare 5 % klarte å telle til 20 på et annet språk enn engelsk, selv om et flertall gjerne ville bo i utlandet.

Undersøkelsen samsvarer med tidligere undersøkelser, som bringer Storbritannia på europatoppen i språkfattigdom.

De potensielle arbeidsgiverne er ikke akkurat fornøyde med situasjonen, og etterlyser mer kompetanse, særlig i fransk, spansk og japansk.

– Vi opplever stadig oftere at selv folk med bare helt elementær kompetanse i et fremmedspråk har større sjanser for å få jobb enn folk som mangler slike kunnskaper, forteller adm. dir. Paul Jacobs ved Office Angels.

Den allmenne holdningen i undersøkelsen var at utlendinger som kom-

mer til Storbritannia, bør kunne landets språk. Samtidig mente 80 % av de spurte at de selv ikke behøvde å lære landets språk når de skal jobbe i utlandet, men at de kan klare seg med engelsk. BBCs nyhetstjeneste kommenterer at det dog kan være vanskelig å holde seg orientert om verden hvis du ikke kan det lokale språket.

En viss variasjon kunne likevel spores: Britiske kvinner er jevnt over mindre språkfattige enn britiske menn. I London, Manchester og Edinburgh er det dessuten hele 20 % av jobbsøkerne som kan et fremmedspråk.

AFP/NTB/BBC



Britene vil ikke selv lære det lokale språket når de har jobb i utlandet, men forventer at utenlandske arbeidere i Storbritannia kan engelsk.

På eventyr i Russland

Fem nordmenn fann vegen til eit esperanto-ungdomstreff i Kovrov i Russland. Ulf og Jelena Lunde frå Os utanfor Bergen var to av dei.

Dei er storleg nøgde med treffet, men noko anna hadde dei heller ikkje venta: – Me har delteke på Internacia Junulara Kongreso tidlegare, både i Russland og i andre land, så me visste at det kom til å verta ei hyggjeleg oppleving med mykje moro, seier dei i kor til *Esperanto-nytt*.

INTERNAC... KVA FOR NOKO?

Internacia Junulara Kongreso (IJK), «Internasjonal ungdomskongress» på norsk, er eit treff som vert arrangert i ulike land kvart år, og er noko meir intimt enn «vaksentreffet» Universala Kongreso, som i år fann stad i Beijing. På årets ungdomstreff var det rundt 350 deltakarar.

Ekteparet Lunde møtte att mange gamle venner på treffet, men elles var det heller ikkje noko problem å få tida til å gå.

– Nei, det var nok å henga fingrane i, fortel Ulf: Amatørteater, konkurransar, både fysiske og mentale, ja og kurs i leirgauklaging, me hadde leirbål med gitar og song, sjonglering, russisk folkedans, her var det litt for kvar smak.

Ulf og Jelena heldt òg kurs i norsk swing for dei andre treffdeltakarane. Det gjekk over fire dagar, og vart eit svært populært innslag.

ROMANTIKK

Det hende så mykje at ingen keia seg eit minutt, forsikrar Jelena, som sjølv er frå Russland. Ho møtte Ulf på, ja

nettopp, eit esperantotreff for nokre år sidan.

– Og heller ikkje denne gongen kunne nokon unngå å sjå at det er god grobotn for romantikk på slike treff, seier ho. Det vart danna mange nye par i den veka som treffet varte.

– Spesielt fall nok mange av dei utanlandske gutane for dei vakre jentene frå Russland, meiner ho. Og Ulf er samd. Russiske jenter er søte.

SPRÅKPROBLEM

Ulf nytta sjølv høvet til å læra meir russisk når han først var i landet, og han og kona reiste også i andre delar av Russland. *Esperanto-nytt* spør om ikkje engelsk var meir praktisk enn esperanto utanfor sjøve esperantotreffet.

– Knappt nok, svarer Ulf, og overraskar journalisten med grunngjevinga: Ikkje eingong på dei største flyplassane eller hotella i Russland er det nok å kunna engelsk. Engelsk er ikkje så internasjonalt som me trur heime i Noreg.

Då Ulf og Jelena kom til Moskva, møtte dei eit norsk ektepar som trong hjelp til å snakka med resepsjonistane på det største hotellet i byen, for hotellpersonalet skjønna faktisk ikkje eit ord engelsk.

Kunne dei esperanto, då?

– Nei, det kunne dei ikkje. Om me ikkje hadde kunna russisk, ville me nok ha kome like langt med esperanto

som dette andre ekteparet kom med engelsk.

Og så smeller Ulf til med den obligatoriske reklamen for esperanto:

– Men dersom me ikkje hadde kunna russisk, ville det likevel vera ei smal sak å få tak i ein lokal esperantotolk. Esperantobrukarane er godt organiserte, og det finst til og med ei bok med namna og adressene til friviljuge hjelparar. Med esperanto veit me i det minste kvar me kan få hjelp, og kan planleggja deretter, noko som ikkje er tilfellet for engelsk.

Ulf legg til at han sjølvsagt kan engelsk òg. Han har berre aldri hatt nytte av det på feriane sine i Russland.

jea

DETTE ER ESPERANTO

- Esperanto er eit språk.
- Det er utforma for å vera lettlært.
- Det såg dagens lys i 1887.
- Det er registrert brukarar i over 100 land.
- Alle substantiv endar på *-o*.
Intereso tyder *interesse*.
- Alle adjektiv endar på *-a*.
Interesa tyder *interessant*.
- Alle verb endar på *-as* i notid,
-is i fortid og *-os* i framtid.
- Trykket landar alltid på nest siste stavinga i ordet.
- *Mi amas vin* tyder *eg elsker deg*.



Deltakarane på swingkurset. Sitjande framme er Jelena og Ulf nr. 3 og 4 frå venstre. Foto: Marat Sadykov.

Esperanto-parlamentarikar



BRUSSEL (Ĝangalo): Då EU-parlamentet opna igjen etter valet i sommar, var det for første gong ein esperantobrukar i salen. Malgorzata Handzlik (39) frå Polen vedgår på heimesida si at ho aldri har gått på esperanto-kurs. Men ho er gift med den populære esperanto-visesongaren Jerzy Handzlik (betre kjend som Georgo Handzlik), og fekk språket inn på reisene saman med han allereie som tjuetåring.

TV på esperanto?

SÃO PAULO (Ĝangalo): Flere radiostasjoner sender allerede på esperanto, bl.a. Vatikanet og den kinesiske utenlandssendingen. Men TV på esperanto? Det virker kanskje urealistisk.

Likevel, gruppen bak Internacia Televido i Brasil har konkrete og gjennomarbeidede planer for internettbaserte TV-overføringer på esperanto. Utfordringene er i første omgang finansielle.

Målet er å kunne produsere daglige sendinger med bl.a. allmenne nyheter, kulturprogrammer, esperantonyheter, dokumentarer og reiseprogrammer.

Prosjektet skjer i samarbeid med den esperantospråklige nettavisen *Ĝangalo*: <http://gxangalo.com>

Ny Desperado-CD

Ikkje like «klovnete» og morosam som den førre plata til gruppa Esperanto Desperado, men prega av deira gjenkjennbare, hyggjelege og avstressande musikkstil: albumet «Hotel Desperado» inneheld ei rekkje stemningsfulle melodiar. Frå ska i typisk Kim-stil, via reggae og Amir sine austlege tonar, til visesong akkompagnert av piano og trekkspel: trass i nokre alvorlege tekstar er dette varm musikk som løftar humøret!

To kjende rockemusikarar i esperanto-verda, Martin Wiese og JoMo, dukkar desutan opp som vokalistar og set umiskjenneleg preg på kvar sin song.



Smakebitar på
esperantomusikk:
www.esperanto.no/muzik

Ulf Lunde

Finnes det dataprogram på esperanto?



Det finnes lite programvare for datamaskiner på esperanto. Språket er nok litt for lite utbredt til at programprodusentene har sett det lønnsomt å lage esperanto-versjoner. Dessuten finner nok også esperanto-brukerne det de trenger på morsmålet sitt, så behovet er kanskje ikke det største.

Det finnes noen hederlige unntak: For eksempel kan du velge esperantogrensesnitt i tekstbehandleren Mellel for Mac, mens brukermiljøet KDE for Linux har esperanto som ett av hele 70 valgbare språk.

For esperantobrukere har det vært et problem at de spesielle bokstavene som brukes i språket (som ĉ og ĝ) ikke har kunnet brukes i vanlige programmer og på Internett. Derfor ble det bl.a. laga egne skriftfonter, som Tempo Esperanto, og egne tekstbehandlere for

esperanto, som f.eks. «Ĉapelilo». Men nå er dette problemet i ferd med å løses, i og med at Unicode har støtte for bokstavene i esperanto-alfabetet. Det er derfor i dag fullt mulig å skrive korrekt esperanto i program som Word, selv om selve programmet ikke finnes i en egen esperanto-utgave.

Du kan se en oversikt over programvare på esperanto på <<http://directory.google.com/Top/World/Esperanto/Komputiloj/Programoj>>. Lista er ikke fullstendig og bare på esperanto, men for å hjelpe deg gjennom lista, kan jeg fortelle at «tekstiloj» betyr 'tekstbehandlere' og «serĉ-maŝinoj» 'søkemotorer'.

Lurer du på noe?

Skriv til sporsmal@esperanto.no

Lernu.net ferdig på norsk

Nettstaden <http://lernu.net> er staden for nordmenn som vil lære esperanto. Her finst det mange kurs og andre hjelpemiddel som hjelper oss å lære språket raskt og enkelt.

Den norske versjonen er no ferdig oppdatert, berre nokre gloser til biletordboka manglar for at alt skal vere komplett. Ansvarlege for den norske versjonen er Heming W. Thorbjørnsen og Bård Hekland.

Fleire internetbaserte kurs er samla her: <http://www.esperanto.no/kurs>

Visste du at...

GOOGLE

Dirk Bindmann i Tyskland har ført statistikk over hvor mange nettsider Google finner som inneholder noen typiske esperantoord. I mai 2002 var tallet 66 700 sider, i desember 2003 fant Google 145 000 sider, og i juni 2004 var tallet kommet opp til 214 000.

KAMPSPORT

I Sør-Korea er det nylig stiftet en internasjonal organisasjon for esperantotalende kampsportutøvere. Dette skjedde i entusiasme etter at koreanske utøvere hadde instruert ur-kampsporten *taekwon* på esperanto til takknemlige elever. Organisasjonen, som har det velklingende navnet Monda Esperantoligo por Memdefendartoj kaj Sportoj, har medlemmer bl.a. i Brasil, Sveits, Japan, Zimbabwe og Mongolia.

KINA

Dei offisielle propagandasidene til kinesiske styresmakter <http://www.china.cn> finst no på åtte språk: kinesisk, fransk, tysk, japansk, russisk, spansk, arabisk og esperanto.

ESPERANTO PÅ DE UNDERLIGSTE STEDER

Elverum og Hamar har Esperantogata, Jørpeland og Løten har Esperantovegen, Göteborg har Esperantoplatsen, og i Wien finnes det en knøttliten esperantopark. Den som brakte esperanto til Norge, var Haldor Midthus (1841–1906) fra Os utenfor Bergen.



Sei det på
esperanto

**Kie estas la pafilo
de avino?**

Kvar er bestemors pistol?

(Uttale: Kie Estas la paFila de
aVina?)

DU KAN ABONNERE på *Esperanto-nytt* (3 utgivelser pr. år) ved å betale 30 kr. til *Esperanto-nytt*, postgironr. 7877 067 9590. Det er mulig å betale for flere år samtidig. *Informilo en la norvega lingvo. Aperadas per 3 numeroj jare ekde 1985.*

Redaksjon: Jardar Eggesbø Abrahamsen (ansv), Douglas Draper.

Utforming: Judith P. Mortensen. **Trykk:** Øien&Indergaard. ISSN 0802 0442

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 Oslo. Tlf. 22 35 08 94.

www.esperanto.no E-post: <inform@esperanto.no> Postgiro 0533 05 22870.